



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
22.05.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2018/5496 421.3
Dykkar referanse

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Uttale til dispensasjon til naust, kai, flytebryggje og parkeringsplass på gnr. 25 bnr. 14 mfl., Haugland, Radøy.

Vi viser til brev frå kommunen datert 26.04.2018. Saka gjeld søknad om oppføring av dobbelt naust, kai/flytebryggje og parkeringsplass på Akstadneset (Haugland).

Område er i arealdelen av kommuneplanen sett til naust på land og hamn i sjø. Tiltaket ligg delvis i konflikt med kommunalt fastsett byggegrense mot sjø.

Oppføring av naust vil vere i tråd med arealføremål og kommuneplanen sine føresegner.

Oppføring av kai vil vere i strid med arealføremål hamn i sjø, byggegrense mot sjø og med føresegna pkt. 3.1.3 til naustområdet som seier at det kan førast opp naust med båtopptrekk. Det er ikkje opna for kai framfor nausta i naustområde.

Oppføring av flytebryggje vil vere i strid med arealføremål hamn i sjø og byggegrense mot sjø.

Opparbeiding av parkeringsplass i naustområdet er i tråd med arealføremålet, jf. føresegna pkt. 3.1.3(4), men kommunen vurderer at det gjeld plankrav for dette tiltaket.

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen viser til at dette området i forslag til ny kommunedelplan for området ikkje er sett som naustområdet. I dette forslaget er det berre det området som vender seg mot Hauglandsvågen som er sett som naustområde. Det eksisterande naustmiljøet vender seg også i hovudsak mot nordaust og Fylkesmannen meiner at det er fornuftig å legge framtidig naustbygging til dette område. På bakgrunn av dette vil vi rå kommunen til å vente med saka til ynskja utvikling av Akstadneset er klart.

På sørsida av Akstadneset, der tiltaket er søkt plassert er det langt færre inngrep i strandsona. Fylkesmannen vurderer at strandsona her har gode kvalitetar som bør takast vare på. Kommunen bør ikkje avvike frå kommuneplanen her.

Vi kan heller ikkje sjå at det føreligg særskilde grunnar for å gje dispensasjon. Vi viser til at det er mange naust i naustområde utan kai og flytebrygge og mange som ynskjer seg dette. Vi

vurderer difor at faren for presedens er stor, både i dette konkrete naustområde og i kommunen elles.

Vi forstår i utgangspunktet at parkeringsplass utgår fordi søkjar ikkje har søkt om dispensasjon ifrå plankrav. Vi vil likevel gje uttrykk for at vegar og parkering i naustområdet bør planleggjast samla, slik at ein oppnår dei beste løysningane for heile området. Vi rår difor ifrå dispensasjon frå plankravet.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon til kai, flytebrygge og parkering i denne saka.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagehandsaming.

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.